



Fylkesmannen
Avløysarlag

Postadresse: Postboks 8140 Dep.
NO-0033 Oslo, Norway
Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00
Telefaks: +47 24 13 10 05
E-post: postmottak@slf.dep.no
Internett: www.slf.dep.no

Kontaktperson: Sissel Karine Nyhus (24131115)

Vår dato: 11.01.2013

Vår referanse: 201300001-2/046.1

Rundskrivet erstatter: 1/12

Org.nr.: NO 981 544 315 MVA

Bankkonto: 7694 05 02280

Rutine for å sende inn filer fra avløysarlag – Avløysing ved ferie og fritid

Føretak med husdyrhald kan søkje om tilskot til avløysing ved ferie og fritid for 2012, med frist 20. januar 2013.

I samband med dette må avløysarlaget sende inn ei fil som inneheld alle medlemmar og kva for beløp dei har kjøpt avløysartenester for frå avløysarlaget i 2012. Avløysarlaget skal sende fila til Fylkesmannen. Avløysarlag som sender oversikt over føretaka sine avløysarutgifter til kommunane, må passe på at det er samsvar mellom fila dei sender Fylkesmannen og lista dei sender til kommunane.

Fylkesmannen sender filene vidare på e-post til IBM. Send alle filene per fylke som vedlegg i same e-post. SLF ber Fylkesmannen om å ta vare på filene til etter utbetalinga.

Tidsplanen under viser fristane som gjeld.

Dato	Aktivitet
30. januar	Frist for avløysarlaga å sende fil til Fylkesmannen
1. februar	Fylkesmannen sender filene frå avløysarlaga på e-post til SLFIBM@no.ibm.com
6. februar	SLF sender e-post til Fylkesmannen med tal på mottekne filer.
11. februar	IBM sender lista AVL-E427 til aktuelle avløysarlag. Lista vert og lagt i ROB (Rapporter og Brev).
13. mars	Frist for avløysarlaga å sende korrigererte filer til Fylkesmannen
15. mars	Fylkesmannen sender korrigererte filer fra avløysarlaga til IBM. Send også filene som ikkje er endra.
12. april	Frist for avløysarlaga å sende korrigererte filer til Fylkesmannen.
15. april	Fylkesmannen sender korrigererte filer fra avløysarlaga til IBM. Send også filene som ikkje er endra.

SLF sender ikkje resultatet av kontrollen mot søknadene (inputkontrollen) til avløysarlaga. Kommunen eller Fylkesmannen må kontakte avløysarlaget dersom inputkontrollen syner feil i søkjaren sin bruk av avløysarlag. Vi ber Fylkesmannen orientere kommunane om dette.

Korleis fila skal vere bygd opp

Namnet på fila skal vere 11 siffer: laget sitt organisasjonsnummer med 00 (2 nullar) fyrst i namnet og med punktum før det niande sifferet. Fila skal ha same format som før, med kvar enkelt søkjar på ei linje (record). Tabellen under syner korleis fila skal vere bygd opp:

Innhald	Startposisjon	Sluttposisjon	Lengde
Laget sitt org.nr (00+) *	1	11	11
Kommunennummer	12	15	4
Gårdsnummer	16	20	5
Bruksnummer	21	24	4
Festenummer	25	28	4
Løpenummer	29	30	2
Org.nummer medlem *	31	41	11
Dokumentert beløp	42	48	7

* Skriv to nuller før org.nummeret for å fylle lengda på 11 siffer.

Avløysarlaget bør kontrollere at fila er rett oppbygd og at linjene vert godkjent. SLF ber avløysarlaga bruke [kontrollprogrammet](http://www.slf.dep.no) som ligg på SLF sine heimesider: www.slf.dep.no, under Produksjon og marked / Velferdsordninger / Avløsning ved ferie og fritid / Kontrollprogram for filer fra avløserlag.

Fylkesmannen bør òg bruke kontrollprogrammet for å verifisere at fila er bygd opp på rett måte. Finn Fylkesmannen feil på fila, må de gje melding til avløysarlaget.

Avløysarlaget må rette feil

IBM sender avløysarlaga lista AVL-E427. Her er kvar søkjar lista opp med ei eventuell feilmelding frå innlæsinga. Nedst på lista står talet på søkjarar som i utgangspunktet har rett på tilskot, men som manglar opplysningar om dokumenterte utgifter.

Avløysarlaget må:

- Kontrollere at alle medlemmane og utgiftene har kome med på lista
- Gå gjennom lista for å avdekke feil, ver spesielt merksam på brukarskifte og at utgiftene er ført på riktig føretak.
- Produsere ny fil om dei finn feil

Ei eventuell ny fil må ha same namn som den gamle fila. Avløysarlaget må sende fila til Fylkesmannen jf. tidsplanen.

Fylkesmannen sender korrigererte filer til IBM jf. tidsplanen. Dei korrigererte filene må ha same namn som dei opphavlege.

Med helsing
for Statens landbruksforvaltning

Håvard Gulliksen
seksjonssjef

Sissel Karine Nyhus
rådgiver